

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/1240-1

Omklassifisering av E39 i Lavik sentrum som følgje av ny tilkomst til Lavik ferjekai

Framlegg til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Om lag 270 meter av dagens E39 vert omklassifisert til fylkesveg
2. Om lag 130 meter av dagens E39 vert omklassifisert til kommunal gang- og sykkelveg
3. Om lag 50 meter av dagens E39 vert omklassifisert til fylkeskommunal gang- og sykkelveg

Vedlegg:

Uttale frå Høyanger kommune datert 27. september 2013
Kart

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Veglova
Reguleringsplan [E39 Lavik ferjekai](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Statens vegvesen er i ferd med å bygge ny ferjekai med endra tilkomst i Lavik. E39 vil bli lagt utanom Lavik sentrum. Endringa i vegsystemet gjer at det vi må bestemme framtidig vegstatus for vegnettet i utbyggingsområdet.

I samsvar med veglova § 7 skal fylkeskommunen gje uttale til framlegg om nedklassifisering av riksveg:

«Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.»

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.»

Grunnen for at saka er fremja

Ny Lavik ferjekai med tilkomst blir bygd i samsvar med godkjent reguleringsplan. Reguleringsplan for E39 Lavik ferjekai vart vedteken i Høyanger kommunestyre 21. juni 2012. I planen er det føresett at dagens E39 gjennom Lavik sentrum skal bli forlenging av fylkesveg 607.

I vedteken reguleringsplan, pkt. 6.2.5, står følgjande; "Eksisterande nedkøyring til ferjekaien skal etter ombygginga fungere som gang- og sykkelveg til kaien ..."



Foto 1: Lavik

Sentrale problemstillingar

Når E39 gjennom Lavik sentrum vert flytta til ny trasé langs fjorden, vil dagens riksveg bli ei naturleg forlenging av fv. 607 mot Leirvik.

Dagens tilkomst til ferjekaia (den såkalla "griserumpa"), er regulert til gang- og sykkelveg og heng saman med eksisterande kommunal gangveg aust for ferjekaia (frå ferjekai og forbi hotellet). Statens vegvesen foreslår at denne blir kommunal gang- og sykkelveg.

I kryss mellom gamal og ny E39 aust for sentrum blir 40 meter av dagens veg liggande att som gangveg, som tilkomst til busshaldeplass. Denne heng saman med gangveg gjennom sentrum. Vi foreslår at denne får status som fylkesveg.

Dette gir følgjande framlegg til klassifisering av endra vegnett gjennom Lavik:

Strekning	Lengde i meter (omtrent)	Dagens status	Ny status
1	270	E39	Fv. 607
2	130	E39	Kommunal gang- og sykkelveg
3	50	E39	Fylkeskommunal gang- og sykkelveg

Endelege veglengder blir målt opp når anlegget er ferdig.

ÅDT (gjennomsnittleg årleg døgntrafikk) på eksisterande veg er om lag 1650 køyretøy/døger (tal frå 2010).


I samsvar med veglova § 7, 2. avsnitt har kommunen gitt uttale i saka (vedlagt). Kommunen er samd i framlegget for strekning 1 og 3, men ikkje for strekning 2. Dei har følgjande grunngjeving;

- «Det ligg ikkje att funksjonar på kaiområdet etter utbygging som tilseier at det skal vere eit kommunalt ansvar å drifte noko kommunal gang- og sykkelveg.
- Vegarmen skal også etter ombygging fungere som beredskapsveg ved hendingar på kaiområdet eller i tilknytning til båt-trafikken som krev utrykking (brann, ambulanse og Politi)

- Vegarmen vil også kunne fungere som krisetilkomst ved hendingar ved hovudtilkomsten til ferjekaia.

Vi vil be om at det vert teke omsyn til Høyanger kommune sine innspel i saka om omklassifisering.»

Statens vegvesen har lagt til grunn at denne vegen vil henge naturleg saman med eksisterande kommunal veg etter ombygginga.



2. Konklusjon

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til Statens vegvesen si tilråding om at E39 i Lavik blir omklassifisert i tråd med omtale i saka. Fylkeskommunen overtek ansvar for om lag 270 meter køyreveg og 50 meter gang- og sykkelveg, og kommunen overtek ansvar for om lag 130 meter gang- og sykkelveg.